



Notat

Dato: 11.01.2016
Arkivsak: 2015/10661-14
Saksbehandlar: maraskv

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

UKM-festivalen i Hordaland 2016. Info til lokalkontaktane.

Hordaland fylkeskommune har det overordna ansvaret for UKM i Hordaland og er ansvarleg for gjennomføringa av UKM-festivalen i Hordaland. I år vert denne arrangert 15.-17. april på USF, Verftet.

UKM (Ung Kultur Møtes) har utvikla seg til å bli det som i dag sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM er mange små lokale festivalar der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. UKM skal vere Noregs viktigaste møteplass for ung kultur.

Hordaland fylkeskommune er m.a. ansvarlig for rettleiing som fylkeskontakt for kommunane lokale UKM arrangement, fungere som eit mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, UKM regionalt og UKM lokalt, bidra med nettverk og kompetanse med tanke på utvikling av UKM-konseptet, samarbeide med URG (ungdommens ressursgruppe) representantane i Hordaland om utviklingstiltak, og planlegge og gjennomføre reise til UKM-festivalen (landsfestivalen) i juni kvart år.

Sidan hausten 2014 har Hordaland fylkeskommune vore meir aktiv i UKM-arbeidet og arbeidd tett med UKM Norge og det fylkeskommunale nettverket i UKM. Dialog med kommunane som jobbar med UKM er svært viktig, og er hovudårsaken til at fylkeskommunen arrangerer eit nettverksmøte kvart år. Dette møtet kjem i tillegg til den jamlege kontakten fylkeskontakten har med lokalkontaktane i kommunane, både når det gjeld telefon, e-post og sosiale medium.

UKM er ei viktig møteplass for ungdom. Hordaland fylkeskommune gjennomførte difor fleire endringar under fylkesmønstringa i 2015 ved å tilby workshops innan fleire kategoriar, matservering til deltakerane og reiseleiarane, i tillegg til overnatting frå laurdag til sundag. Erfaringar frå 2015 viste at det ikkje berre er viktig å leggje til rette for at deltakerane får ei god oppleveling under UKM-festivalen i Hordaland, men at det også er viktig å understreke i forkant at det å bli sendt vidare til UKM-festivalen i Hordaland handlar om å ta del i festivalen. «Prinsipp for deltaking» legg UKM Norge sterkt vektlegging på under UKM-festivalen i Trondheim, og er eit viktig moment for UKM regionalt. UKM skal vektleggjast som ei møteplass, i tråd med styret i UKM Norge sine vedtekter.

UKM-festivalen i Hordaland er ei stor pakke av opplevelingar, der summen av framsyningars, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting osv., utgjør en heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommane som vert sendt vidare fortener å få oppleve denne heilskap, og det er fylkeskontakten og

Kommunekontaktane sin oppgåve å sørge for det. Det er ei målsetjing at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som liker det same som ein sjølv og fått nye vener. Dette betyr at lokalarrangør / kommunekontakt må leggje til rette for at deltakarane reiser og bor saman som ei gruppe og at kommunane er på plass i Bergen til rett tid. Dersom ein deltakar ønskjer å prioritere noko anna framfor UKM-festivalen i Hordaland og dermed ikkje kan delta meir eller mindre frå start til slutt, så bør vedkommande erstattast med nokre frå "reservelista" frå lokalmönstringa. Det er sjølv sagt ein del gode grunner til eit forkorta opphold på UKM-festivalen i Hordaland som t.d. eksamen, sjukdom, planlagde utanlandsopphald, osv., men det er viktig at lokalarrangørane generelt sett er på linje med Hordaland fylkeskommune i denne saken og generelt ikkje legg til rette for at deltakarar kan komme og gå som dei vil.

Førerels informasjon vart sendt ut til lokalkontaktane i august (RS 54/2015). Vedlagte informasjonsskriv til lokalarrangørane (Vedlegg 1) følgjer opp denne og inneheld oppdatert informasjon på dei moment som ikkje var avklart i august 2015. Deltakar / føresett til deltakar som skal representere ein kommune under UKM-festivalen i Hordaland må signere ei samtykkeerklæring (Vedlegg 3) og det er denne som ligg til grunn for samtykkeerklæringa frå kommunane (Vedlegg 2). Kommunane har ansvar for å koordinere arbeidet med at deltakar / føresett til deltakar har skiven under på at dei godtek ordensreglar og at dei har reiseforsikring.